



Kajakk er ein av hovudaktivitetane på Basecamp Uskedalen.

Friluftsrådet Vest saman med lokale krefter arrangerer Basecamp Uskedalen i perioden 24. til 26. juni. Det er eit nytt friluftstilbod med vekt på klatring, kajakk og mykje meir. Påmeldingsfristen er i denne helga og deltakartalet er maks 25 ungdomar i alderen 13 - 16 år.

Kvinnherad høyrer til Friluftsrådet Vest, det som før var Nord Rogaland- og Sunnhordland Friluftsråd. Friluftsråda i heile landet jobbar med tilrettelegging av regionale friluftsområde og har mange aktivitetar for born og ungdom.

Dei 25 deltakarane skal bu i lavvoleir på Rabben Feriesenter. I påmeldingsavgifta er alt medrekna, - mat, overnatting og aktivitetar.

Aktivitetane er:

- Klatring
- Kajakk
- Volleyball
- Bogeskyting
- Ballspel
- Slakk line
- Pil og boge
- Fiske
- Bading

Meir info finn du på frivest.no

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Siv Framnes